



**DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT**

Hardangerviddatunnelene

Dykkar ref

Vår ref

Dato

15/386-23

9. april 2018

Konseptvalutgreiing (KVU) for rv 7 Hardangervidda - Tilråing om å starte med Lågehætunnelen

Vi viser til dykkar e-post 7. mars 2018.

Hardangerviddatunnelene AS tilrår å snarast starte med Lågehætunnelen mellom Halne og Skulevika på rv 7 over Hardangervidda.

Samferdselsdepartementet takkar for innspela. Statens vegvesen slutførde KVU for rv 7 Hardangervidda hausten 2015. Samstundes blei det sett i gang ekstern kvalitetssikring, såkalla KS1. Som følgje av departementet si handsaming av ein meir overordna strategi for vegkorridorane mellom Austlandet og Vestlandet, blei det bestemt at den eksterne kvalitetssikringa skulle avsluttast. Etter framlegget av Nasjonal transportplan 2018-2029 blei det bestemt at KS1 skulle takast opp igjen. Det blei mellom anna vist til regjeringa si avgjerd om at rv 7 til saman med rv 52, skulle vere den andre hovudvegforbindelsen mellom Austlandet og Vestlandet, saman med E134 lenger sør.

Den eksterne kvalitetssikringa er enno ikkje slutført. Når denne er ferdig vil Samferdselsdepartementet ta stilling til kva for konsept som skal leggst til grunn for vidare utvikling og planlegging av rv 7 over Hardangervidda. Både KVU, KS1 og den lokale høyringa vil vere ein sentral del av grunnlaget for sakshandsaminga i departementet. Departementet merkar seg synspunkta frå Hardangerviddatunnelene AS, og tek det med oss i det vidare arbeidet. Departementet vil kome attende til saka så snart det ligge føre ei avgjerd.

Med helsing

Postadresse
Postboks 8010 Dep
0030 Oslo
postmottak@sd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.sd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org no.
972 417 904

Avdeling
Veg-, by- og
trafikksikkerhetsavdelinga

Saksbehandlar
Bent E. Skogen
22 24 82 29

Hans Einar Nerhus (e.f.)
avdelingsdirektør

Bent E. Skogen
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrive signaturar

Kopi

Vegdirektoratet